



postmottak@kld.dep.no
«Søknad om støtteordning fergesektoren»



Vår ref.: 2016/9248-3

Dykkar ref.: 16/1945-

Bergen, 30.10.2016

Søknad om støtte til Hordaland fylkeskommune v/Skyss for utgreiing og innføring av null- og lågutsleppsløysingar på ferje og båt

Hordaland fylkeskommune v/Skyss søker med dette om støtte til to ulike arbeid med utgreiing og innføring av null- og lågutsleppsløysingar på båt og ferje. Tiltak 1 er allereie gjennomførte utgreiingar som har vore naudsynte for at ein no gjennomfører anbodskonkurransar for ferjene i Hordaland med krav om utsleppsreduksjonar som samsvarer med 2-gradersmålet. Tiltak 2 er oppstarten på tilsvarande arbeid for båtsambanda i fylket.

1. Gjennomføring av ferjeanbod med null- og lågutsleppsløysingar

Dagens ferjekontraktar i Hordaland går ut i perioden 2018-2020. Fylkesutvalet i Hordaland har vedteke svært strenge miljøkrav for dei nye kontraktane; ambisjonen har vore å oppnå utsleppsreduksjonar som samsvarer med 2-gradersmålet. Dette betyr reduksjonar i utslepp i storleik 60-90% av dagens nivå.

I høve konkurranseutsetting av dei nye kontraktane er dei 17 ferjesambanda i Hordaland inndelt i 5 ulike rutepakkar. I staden for å stille krav til konkrete miljøløysingar er det utelukkande stilt krav til miljøeffektar for den einskilde rutepakke. På bakgrunn av overnemnde vedtak i fylkesutvalet er det stilt som minstekrav at CO₂-utsleppa skal reduserast med 55% og at energibruken skal reduserast med 25%. I tillegg er det nytta ein evalueringsmodell med følgjande vekting:

- Pris 70%
- Energieffektivitet 15%
- Miljøeffektivitet (CO₂) 15%

Konkurransen for rutepakke 1 er no gjennomført og kontrakt vart tildelt Fjord1 (karensperioden løper i skrivande stund og kontrakt er planlagd signert i veke 44).



Resultat av denne konkurransen er vesentleg elektrifisering. CO2-utsleppa for desse sambanda vert redusert med 87% i høve dagens utsleppsnivå og energibruken vert redusert med 60%

Konkurransen for dei øvrige sambanda er pågåande med same krav og tildelingskriterier som for rutepakke 1.

Anbudsprosess for å realisere låg- og nullutsleppsløysingar krev tilgang på spesialkompetanse. Hordaland fylkeskommune har fått bistand frå DNV GL i våre anbudsprosessar. Billag frå kjøp av tenester frå DNV GL ved gjennomføring av anbuds konkurranse i 2016 følgjer vedlagt.

Prosjektnavn	Utgreiingar til nye ferjeambod Hordaland
Prosjektansvarlig	Karl Inge Nygård, leiar juridisk stab, Skyss (Karl.Inge.Nygard@hfk.no, mob. 930 88 971).
Organisasjonsnummer	992 051 825
Kontonummer	5201.06.74239
Støtte det søkes om	kr 936 307

2. Utgreiing av teknisk moglegheitsrom for framtidige båtsamband med null- og lågutsleppsløysingar

Gjennom Kollektivstrategi for Hordaland (2014) er det slått fast overordna føringar for utviklinga av kollektivtrafikken i Hordaland. Når det gjeld utvikling av båtsamband vil ein utvikle båttilbodet som ein integrert del av kollektivtilbodet, der båten har sine særlege fortrinn. Dette gjeld særleg der det ikkje finst reisealternativ, der båten gir stor innsparing i reisetid samanlikna med bil, buss eller ferje, og der båttilbodet spelar ei spesielt viktig rolle for reiselivsnæringa.

Miljøstrategi for Skyss (2014) slår fast at ein skal redusere miljøbelastning frå båt og ferjetrafikk ved å redusere utslepp frå ferjer og båtar gjennom fornying av materiell, i større grad tilpasse tilbodet med båt og ferje til trafikkgrunnlaget. Det er vist til at fornying av båtar er kostnadskrevjande og må gå føre seg over lengre tid. Vidare er det vist til at så lenge utsleppa og kostnadane med båt er høge som i 2014, vil Skyss vere restriktiv med å tilrå nye båttruter der ein har eit konkurransedyktig alternativ med buss.

Det er lagt opp til at konkretisering av kollektivstrategien skjer gjennom eit handlingsprogram som viser tiltak i neste fireårsperiode, samt trafikkplanar der ein konkretiserer tilbudsutviklinga innanfor ulike område. Ein ser no behovet for å arbeide vidare med konkretisering av strategiane for utvikling av båttilbodet gjennom utarbeiding av ein trafikkplan for båttilbodet i fylket.

Hensikta med trafikkplanen vil vere todelt: utgreiing og anbefaling om framtidige båtsamband som bør vere i fylkeskommunal regi, og moglegheiter for å redusere utslepp frå båttrafikken gjennom lav- og nullutsleppsteknologi. Dei to utgreiingane heng tett saman,



fordi moglegheiten for samband med låg- eller nullutsleppsteknologi er avgjerande i vurdering av eventuelle nye samband i tida framover.

Arbeidet skal følge opp vedtak i fylkestinget i sak 95/2015:

«Kollektivtrafikk på sjø

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga forslag til ein ny overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen få vurdert ekstra kapasitet på snøggbåtruta mellom Bergen og Askøy.»

Arbeidet vil bli lagt opp med følgjande aktivitetar:

Oppstart:

- Utarbeiding av mandat
- Søknad om økonomiske støtte til utgreiingar
- Orientering til politisk nivå om oppstart og mandat for arbeidet

Fase 1:

- Faktainnsamling om dagens båtsamband
- Invitasjon til kommunane om å kome med innspel
- Utgreiing om behov for båtsamband, trafikkgrunnlag
- Utgreiing om aktuelle løysingar for reduksjon av utslepp gjennom lav- og nullutsleppsteknologi
- Arbeidsmøte i prosjektgruppa
- Interne arbeidssamlingar

Fase 2:

- Prioritering og vegval
- Arbeidsmøte i prosjektgruppa
- Utarbeiding av samla trafikkplan

Leveranse og handsaming:

- Prosjektet skal levere framlegg til heilskapleg trafikkplan
- Trafikkplanen vil bli lagt fram til politisk handsaming

Ein vil vere avhengig om ekstern bistand både for naudsynt kompetanse og kapasitet til gjennomføring av arbeidet. Det er planlagt med bruk av interne ressursar tilsvarande om lag tre månedsverk. Utgreiingar om trafikkgrunnlag for båtsamband og aktuelle teknologiske løysingar vil bli gjennomført med ekstern bistand, estimert til om lag 800 000 kr.

Arbeidet er planlagt gjennomført frå januar til juni 2017.


Det er vanskeleg å anslå potensialet for reduksjon av utslepp av klimagassar i dette prosjektet. Båtsambanda i Hordaland i Skyss-regi hadde i 2015 eit forbruk på 8 597 000 liter

MGO. Arbeidet med trafikkplan for båtsambanda vil vere starten på eit langsiktig arbeid fram mot null- og lågutsleppsløysingar for alle båtsambanda. Oversiktene viser når kontraktar for dagens samband går ut, og kart over sambanda.



Oversikt kontraktar - båt

	Kontraktperiode	Type kontrakt	Operater
Sunnhordland og Austevoll Sunnhordland-Austevoll-Bergen Lokalbåt Austevoll	01.01.2014-31.12.2023 + 2 + 2	Bruttokontrakt	Norled AS
Espevær og Hernar Espevær-Eidesvik Hellesøy-Lyngøy-Hernar	01.01.2014-31.12.2023 + 2 + 2	Nettokontrakt	GulenSkyss AS
Kvinnherad-Bergen og Reksteren-Våge-Osøyro Rosendal-Bergen Reksteren-Våge-Os	01.01.2014 - 31.12.2023 + 2 + 2	Nettokontrakt	L. Rødne & Sønner
Kleppestø - Strandkaien	01.01.2015-31.12.2017 + 1 + 1 + 1	Bruttokontrakt	Norled AS
Nordhordland Knarvik-Frekhaug-Bergen	01.01.2014-31.12.2018 + 6 + 2 + 2	Bruttokontrakt	Norled AS
Turistrute Hardanger Norheimsund-Eidfjord	01.01.2014-31.12.2018 + 1	Bruttokontrakt	Norled AS

**Snegg- og lokalbåtsamband**

Prosjektnavn	Trafikkplan for båtsamband i Hordaland
Prosjektansvarlig	Målfrid Vik Sønstabø, leiar avdeling Trafikktilbod, Skyss (mvs@skyss.no , mob. 916 53 176)
Organisasjonsnummer	992 051 825
Kontonummer	5201.06.74239
Støtte det søkes om	kr 800 000,-

Med vennleg helsing,
Oddmund Sylta
direktør

Målfrid Vik Sønstabø
leiar avdeling trafikktilbod

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.